

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Sommarkafeen i Stardalen
Dato: 27.11.2018
Tidspunkt: 11:00

Velkommen til styremøte i Stardalen!

Møtet i rådgjevande utval startar klokka 11.00 og det blir servert lett mat, te og kaffi til møtestart. Det blir varm lunsj og dessert klokka 13.00 og vi reknar med å vere ferdige med rådgjevande utval til klokka 15.00.

Styremøte begynner rett etter møtet i rådgjevande utval.

Marius Dalín har meldt forfall, så for Førde kommune møter Turid Vallestad. Eventuelle andre forfall må meldast snarast til Bente på tlf. 905 90 647.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Vel møtt!

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 38/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 39/18	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 40/18	Orienterings- og drøftingssakar <ol style="list-style-type: none">1. Ny, fast stilling i sekretariatet utlyst, vonleg blir det tilsetjing i desember.2. Orientering om verandadør på Sunndalssetra3. Møte med Visit Sognefjord om besøksstrategi og masterplan-arbeidet4. Mediesaker sidan sist5. Evaluering av dialogmøte6. Anna		
RS 32/18	Rapport frå køyring til Bødalssetra for 2017 og 2018		2017/2141
RS 33/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - sluttrapport frå restaurering av sel på Sunndalssetra		2016/1754
RS 34/18	Underretning til klager - politimelding av droneflyging over Bøyabreen	X	2018/3125
RS 35/18	SNO sin årsrapport for 2018 til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre		2014/4570
DS 36/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - ds - løyve til helikopterlanding i Austerdalen/Lodalen - Hogrenning		2018/3981
DS 6/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til tiltak på køyrespor inn til Bødalsseter etter flaumen oktober 2018		2018/3861
ST 41/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - tiltaksplan og bestilling av tenester frå SNO for 2019		2018/3773
ST 42/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - drift av styre og årsplan for 2019		2014/42
ST 43/18	Eventuelt		

ST 38/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 39/18 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

ST 40/18 Orienterings- og drøftingssaker

RS 32/18 Rapport frå køyring til Bødalssetra for 2017 og 2018

RS 33/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - sluttrapport frå restaurering av sel på Sunndalssetra

RS 34/18 Underretning til klager - politimelding av dronetryking over Bøyabreen

RS 35/18 SNO sin årsrapport for 2018 til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

RS 36/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - ds - løyve til helikopterlanding i Austerdalen/Lodalen - Hogrenning

DS 6/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til tiltak på køyrespor inn til Bødalsseter etter flaumen oktober 2018



Arkivsaksnr: 2018/3773-0
Saksbehandler: Bente Støa
Dato: 20.11.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	41/18	27.11.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - tiltaksplan og bestilling av tenester frå SNO for 2019

Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram til drøfting i styremøtet.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for nasjonalpark- og verneområdestyrer 2019
- Strategi for bruk av tiltaksmidler 2015-2020
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Rapport frå SNO om utført arbeid i 2018

Forvaltar legg her fram forslag til tiltaksplan og bestilling av tenester frå SNO for 2019. Forslaget er utarbeidd på bakgrunn av innspel frå grunneigarar, kommunar og andre interessentar og innspel og diskusjonar i styret ilt hausten 2018. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av dialog med SNO. Styret må gå gjennom innspela og prioritere tiltaka. Tiltaksplanen er grunnlaget for bestillingsdialogen med SNO og innmelding av behov for tiltaksmidlar for 2019 til Miljødirektoratet. Tiltaksmidlane er statlege investeringsmidlar og kan gå til tiltak som er naudsynte for å ivareta verneføremålet.

I dag er om lag 27 % av verneområda i Noreg er truga. Miljødirektoratet har eit mål om at maksimalt 20 % av norske verneområde er truga innan 2020. Det overordna målet for tiltaksmidla er derfor at dei skal brukast slik at naturtilstanden i verneområda betrast. Tiltak som betrar tilstanden til verneverdiane må derfor prioriterast høgt. For Jostedalsbreen nasjonalpark er det særleg slitasje på



vegetasjon og morenelandskap, forfall av kulturlandskap og forstyrning av det enkle friluftslivet, som trugar verneverdiane.

Tiltaka, som meldast inn til miljødirektoratet delast opp i kategoriane: informasjon, kartlegging og overvaking, kunnskapsinnhenting, restaurering, skjøtsel av vegetasjon, tilrettelegging, uttak av framande artar og vedlikehald. Forvaltningsstyresmakta skal sjølv disponere og prioritere kven som skal gjennomføre tiltaka.

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda.

I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfte ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene, som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Alle tiltak skal meldast inn som netto beløp, altså utan mva. Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2019.

Vurdering

Føreslegne tiltak er basert på det overordna målet frå miljødirektoratet om at del truga verneområde skal reduserast frå 27 til 20 % innan 2020. I tillegg har miljødirektoratet i strategi for bruk av tiltaksmidlar gitt ei oversikt over kva prioriteringar som skal følgjast ved deling av tiltaksmidlar til skjøtsel og besøksforvaltning. For skjøtelsprosjekt gjerast følgjande prioriteringar:

- Prioritet 1: Pågåande skjøtelsprosjekt
- Prioritet 2: Tiltak i område som er akutt trua og med behov for skjøtsel
- Prioritet 3: Tiltak i område med identifiserte trusselfaktorar, men der det ikkje er behov for akutte tiltak.

På vår føreslegne tiltaksliste er det ingen reine skjøtselstiltak, som allereie er i gang, men det allereie igangsette arbeidet med driftevegen i Sunndalen er indirekte eit skjøtselstiltak, då hensikta er å føre fram beitedyr til stølsvollen. Denne får derfor prioritet 1.

Tiltak som har med reparasjonar etter flaumen å gjere definerer vi under punktet «akutt trua», då flaumskadane nokre stader både hindrar friluftsliv og ivaretaking av kulturlandskapet. Vi gir derfor slike tiltak prioritet 2.

Resterande tiltak, som kan definerast som skjøtsel (skjøtelsplanar og henting av søppel), får prioritet 3, då dei ikkje er akutte.

For besøksforvaltningstiltak gjerast følgjande prioriteringar:

- Prioritet 1: Ferdigstilling av påbegynte tiltak som fremmer eller er naudsynte for å ivareta verneføremålet.
- Prioritet 2: Tiltak i verneområder som har utarbeidd besøksstrategi som ein del av forvaltningsplanen.



- Prioritet 3: Tiltak i områder der det er akutt behov for å ivareta verneverdiane. Følgende prioritering skal leggest til grunn i slike områder (i prioritert rekkefølge):
 - 1) Tiltak som ivaretar verneverdiane
 - 2) Formidling av verneverdiar
 - 3) Tiltak for å fremme friluftslivet
- Prioritet 4: Etablering av fyrste gangs informasjonstavler i områder kor det er behov

Arbeid på stein og montering av brua i Haugadalen får prioritet 1 etter prioriteringslista for besøksforvaltningstiltak, då tiltaket allerede er påbegynt. Dei andre besøksforvaltningstiltaka (sti langs Brikdalselva, toalett i Supphelledalen, mulighetsstudie innfallsport Bøyabreen, platting fram mot Supphellebreen og plan for utbetring av stien til Flatsteinbu) får prioritet 3.

I tillegg til skjøtselstiltak og besøksforvaltningstiltak foreslår forvaltarane å kartlegge nokre område i nasjonalparken for fugl. Å ha oppdaterte kartleggingar over vegetasjon og fauna er viktig for å sjå om vi er på rett veg med ivaretagelse av verneverdiane.

Behov for ferdselteljarar skal også meldast inn til miljødirektoratet. Ferdselsregistreringar er eit viktig verkemiddel både for å kartlegge bruken og for å sjå på utviklinga over tid. Dette for å kunne vurdere aktuelle tiltak for å styre ferdsla og for å ta vare på sårbare område. I Jostedalsbreen har vi hatt til saman fem ferdselteljarar i 2018. Disse har stått i Sunndalen, ved Supphellebreen, ved Bøyabreen, i Haugadalen og ved stien opp til Oldeskaret. I tillegg har Vestlandsforskning hatt en teljar i Brikdalen. Det vert no spelt inn behov for å nytta 6 teljarar rundt om i nasjonalparken (Skålastien, Erdalen, Brikdalen, stien opp til Flatbrehytta, Bergsetdalen og stien opp til Tuftebreen).

Skjema for bestilling av tenester frå SNO er utarbeidd på bakgrunn av diskusjonar med SNO og årsrapporten for 2018.

Innmelding av tiltak for 2019:



Verneområde- navn + naturbase-id	Tiltaks- kategori	Kort beskrivelse av tiltak	Prioritet	Finansiering	Sam- arbeids- aktører	Hvem gjennom-fører tiltaket?	Gjennom- førings - periode (2014-2017)	Intervall (evt)	Kostnads- overslag (kr)	Merknad/kommentar
Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Reparasjoner etter flaumskader langs køyresporet inn til Bødalsseter	2	Tiltaks- midlar frå Mdir	Bødalen sameige	Bødalen sameige/ entreprenør	2018-2019		70 000	Det er gjeve løyve til: å bygge opp att eit køyrespor, som vart greve ut av elva, gjere eit lett gravearbeid nord for køyresporet ved eit nærare gitt punkt for at vatnet skal leiast vekk frå stien, presse ned nokre meter av sporet for å leie vatnet bort til næraste bekk, leggje ut nokre store steinar i elva der det nye køyresporet vil møte opphavleg spor for å leie straumen meir rett fram, ta ned elvekanten som heng ut over elva.
Jostedalsbreen nasjonalpark	Tilrettelegging	Restaurere den gamle driftevegen i Sunndalen	1	Tiltaks- midlar frå Mdir	Beitlag/ grunneigarar/ SNO	Stryn kommune/ entreprenør/ SNO	2018-2019		700 000	Arbeidet vart starta opp i 2018. 780 000 nok vart satt av til arbeidet. Vi ser at det må settast av 700 000 også i 2019 for å ferdigstille prosjektet.
Jostedalsbreen nasjonalpark	Tilrettelegging	Arbeid på sti og montering av bru i Haugadalen	1	Tiltaks- midlar frå Mdir	Jølster kommune	Entreprenør	2019		80 000	Tiltaket stod på tiltakslista for 2018, men har diverre ikkje blitt gjennomført. Pengane avsatt i 2018 vart brukt på produksjon av bru. Arbeidet i felt må gjerast i 2019.
Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Reparasjoner etter flaumskader på ferdelsbru over elva i Austerdalen i Lodalen	2	Tiltaks- midlar frå Mdir	Grunneigarar	Entreprenør	2019		50 000	Det er innvilga erstatning frå naturskadefondet. Nasjonalparkstyret dekkjer eigenandelen.
Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Reparasjon av flaumskade på bru i Ruteflotdalen	2	tiltaks- midlar frå Mdir	Grunneigarar	Grunneigarar	2019		20 000	Flaumskade frå oktober 2018.
Jostedalsbreen nasjonalpark	Kunnskapsinnhenting	Lage ein plan for utbetring av stien til Flatsteinbu	3	Tiltaks- midlar frå Mdir		Konsulent	2019		35 000	Stien opp til Flatsteinbu er tilrettelagt frå gamalt av og er ein fin og trygg tur for dei fleste.
Jostedalsbreen nasjonalpark	Skjøtsel av vegetasjon	Skjøtselsplan for stølsområda i Bødalen, Erdalen og Sunndalen	3	Tiltaks- midlar frå Mdir	Høgskulen på Vestlandet, Fylkesmannen i Vestland, Stryn kommune	konsulent	2019-2020		200 000	Dagens skjøtselsplan for disse områda er meir enn 25 år gamal og må oppdaterast.
Jostedalsbreen nasjonalpark	Kunnskapsinnh	Mulighets-studie innfallspport Bøyabreen	3	Tiltaks- midlar frå Mdir	Bygdelaget i Fjærland, grunneigarar, Statens Vegvesen, Sogndal kommune, næringsutvalget	konsulent	2019		100 000	se på hvordan man kan legge til rette området ved Bøyabreen, som en innfallspport til nasjonalparken med parkeringsplasser, informasjon, vegbom osv.



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Jostedalsbreen nasjonalpark	Tilrettelegging	Enkel plattning fram mot Supphellebreen	3	Tiltaks- midlar frå Mdir	Grunneigarar, SNO, Bremuseet, Bygdelaget i Fjærland	Bygdelaget i Fjærland	2019	30 000	For di elva meandrerer og tar nye løp framfor breen, oversvømmes stien fram til breen med jevne mellomrom. Med en enkel plattning, kan besøkannde komme seg tørrskodd fram til breen.
Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Reparasjon av flaumskade på bru i Sunndalen	2	Tiltaks- midlar frå Mdir	Grunneigarar	Grunneigarar	2019	25 000	Støyping av nytt brukar, brua til Hola.
Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Helikopter for uthenting av søppel	3	Tiltaks- midlar frå Mdir	SNO-L, Energiselskap, kommunar	Forvaltning og SNO	2019	35 000	
Jostedalsbreen nasjonalpark	Kartlegging og overvåking	Fugle-kartlegging Fåbergstølsgrandane, Kjenndalen m.m.		Tiltaks- midlar frå Mdir	Fylkesmannen i Vestland	Konsulent	2019	300 000	Fuglekartleggingar for samanlikning med gamle kartleggingar jmf sårbarheitsvurderingar og besøksstrategi.
Jostedalsbreen nasjonalpark	Vedlikehold	Opprusting av vegen inn til Sunndalen		Tiltaks- midlar frå Mdir	Grunneigarar	Grunneigarar	2019	35 000	Grusing av bomveg
Jostedalsbreen nasjonalpark	Tilrettelegging	Ferdsels-teljar Skålastien, Erdalen, Briksdalen, Flatbrehytta, Bergset, Tuftebresteinen, Kattanakken		SNO-S	SNO-L	SNO-L	2017, 2019, 2021		Jf. Kunnskapsinnhenting for besøksstrategien. Dersom vi får færre teljarar må vi prioritere nærmare.



Bestilling av tenester frå SNO:

Innspill om ønsket SNO ressurs. (Sett inn nye linjer for hvert bestilte oppdrag)							
År:	2019						
Bestiller:	Jostedals-breen nasjonal-parkstyre						
Verneområder	Prioritet (kategori 1, 2, 3)	Verneområde/ innsatsområde /lokalitet	Forankring og beskrivelse av oppdraget	Anslått tidsbruk i dagsverk	Metode- beskrivelse evtnt henvisning	Rapportering (rapportformat, lagringssted for rapp., egenskapsdata ol.). Stand. rap.verktøy som Verneomrdlogg, Artsobs, Natstat,	Rapporterin gs- frist
Tilsyn/kontroll	1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Halde oppsyn med at verneforskrifta vert halde i Jostedalsbreen nasjonalpark.	15	Jf verneforskrifta	Til styret, forvaltar, årsrapport, ev	Før jul
	1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sjå til at styrevedtak/løyver vert overhalde i dispensasjons-saker.	10	Jf vedtak	Til styret, forvaltar, årsrapport, ev	Før jul
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Følgje opp tiltak i hovudsak ved oppstart og avsluting	5			
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Registrere ferdsle på enkelte stader, som Skålastien, m.fl	10	Foto, Eco Counter	Årsrapport	Før jul
Tiltak (skjøtsel/ tilrettelegging)	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sjå til at innfallsportar har grensemerke og at øydelagde skilt vert bytta ut.	1		Årsrapport	Før jul
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Delta i sårbarhetsvurderingar og besøksundersøkingar med forvaltninga	Ved behov	jf. Vegleiarar	Notatar	Fortløpande
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Være med på dugnad for å hente ut søppel med helikopter, samt fjerne mindre søppel i buskane ved Briksdalsbreen, Supphellebreen og	2		Årsrapport	Før jul
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Stiltak i Austerdalen: Kanalisering av ferdsel til ein sti, sperring av sti opp på morenene.	14		Årsrapport	Før jul
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Arrangere dugnad for å rydde opp hogstavfall i Sunndalen	3		Årsrapport	Før jul
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Fjerne øydelagde nasjonalparksilt ved Breheimsenteret, Bergset og Veitastrond, sette opp brefare-informasjon ved Tuftebreen og sette opp einiskildståande brefareskilt ved	2		Årsrapport	Haust
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Gå over stiene i Bergsetdalen i Luster og Lundeskaret i Jølster og gjennomføre naudsynte vedlikehalds- og kanaliseringstiltak.	5		Årsrapport	Før jul
Kartlegging/ registrering/ overvåking (inkludert bevaringsmål)	3	Jostedalsbreen nasjonalpark	Kartlegge svartelisteartar på Sunndalssetra, deriblant høstberberis, gran og platanlønn jmf registreringar i naturbase, og fjerne det som er	2		Arts-observasjonar, verneområde-loggen	Før jul
	1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sjå etter raudlisteartar, til dømes mnemosynesommerfugl, i felt.	4		Årsrapport	Før jul
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Lage ei full oversikt over søppel som må hentast ut frå nasjonalparken	1		verneområde-loggen, årsrapport, notatar	15.05.2019
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Drifting av lydopptaks-utstyr for registrering av hubro i Sunndalen	5		Årsrapport	Før jul
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Registriering av bilete av faste installasjonar, t.d. bruer, løveskilt, stølsområde, infotavler, etc.	7	Foto, gps	Verneområde-loggen	Før jul
	3	Jostedalsbreen nasjonalpark	Sjekke Ståleskaret for toalettrestar	1			Haust
	2	Jostedalsbreen nasjonalpark	Bidra i prosessen med besøksstrategi og forvaltningsplan	Ved behov	Diskusjons-partnar/ bidra med		
Naturveiledning/informasjon	1	Jostedalsbreen nasjonalpark	Være tilstades med erfaring og kompetanse på styremøte/andre møte/synfaringar	6		Årsrapport	Før jul
	3	Jostedalsbreen nasjonalpark	Formidle til besøkande mellom anna informasjon om dronflyging og lågflygingsreglar, om kvifor ein ikkje skal bygge	1		Årsrapport	Før jul



Arkivsaksnr: 2014/42-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 25.10.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	42/18	27.11.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - drift av styre og årsplan for 2019

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2019 for å arbeide vidare med forvaltningsplan og besøksstrategi. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årsjul:

- Februar/mars: Styremøte på Gloppen hotell (bestillingsmøte 2)
- April/Mai: Styremøte, ev med synfaring
- Juni: Styremøte, ev på telefon
- August/September: Styremøte, ev opning av drifteveg i Sunndalen
- Oktober: Nasjonalparkkonferanse (tidspunkt er usikkert)
- November/desember: Styremøte/ dialogmøte med rådgjevande utval (bestillingsmøte 1)

Dersom det blir nasjonalparkstyrekonferanse i Trondheim, så kan styret kombinere konferansen med eit styremøte. Fleire møte er avhengig av om viktige, store hastesaker dukkar opp som treng heile styret sin vurdering. Forvaltar sendar ut framlegg til konkrete datoar.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner innspel til budsjett for året 2019. Sekretariatet sender over budsjettframlegget innan fristen den 10. januar 2019. Mindre endringar kan gjerast i samråd med Fylkesmannen.

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Brev frå Miljødirektoratet datert 24.10.2018
- Vedtektene til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



Jamfør vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). Disse fire gongene er uavhengig av kor mange gonger eit ev AU trer saman. Sidan 2011 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyret hatt møte mellom fire og åtte gonger i året. I 2018 har det vore fem møte, til liks med 2017. Begge disse to åra har det vore planlagt møte i juni i tillegg, men dette siste møtet før sommaren har falt vekk.

I brev frå Miljødirektoratet datert 24. oktober 2018 står det m.a.:

Det kan søkes om midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrene, og midler til arbeid med forvaltningsplaner og skjøtselsplaner. Ved søknad om midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrene må det settes opp et budsjett som viser forventede utgifter til reise- og møtegodtgjøring for medlemmer av styrene, samt evt. reiseutgifter for medlemmer av rådgivende utvalg.

*Ved søknad om midler til dekking av utgifter i forbindelse med utarbeiding av forvaltningsplaner, besøksstrategier og skjøtselsplaner, kan det søkes om midler til utgifter som nødvendige kartlegginger og medvirkningsprosesser (møter). Det forutsettes at nasjonalpark-/verneområdestyrene og fylkesmennene setter opp forslag til budsjett i samarbeid. Fylkesmannen sender samlet budsjettforslag til Miljødirektoratet på vegne av alle styrene de fører regnskap for i eget fylke. Inntil styrene eventuelt har opprettet eget organisasjonsnummer og bankkonto tildeles pengene via fylkesmannen, men de disponeres i sin helhet av nasjonalpark- /verneområdestyrene. Forslag til budsjett til drift av styret og evt. midler til forvaltningsplanarbeid for 2019, sendes Miljødirektoratet med **frist 10. januar 2019**.*

Vurdering

Tildelinga til drift av Jostedalsbreen nasjonalparkstyret for 2018 var på kr 250 000,- Dette har inkludert både utgifter til møte, seminar, synfaringar, reise- og møtegodtgjersle, samt møteutgifter og dekking av reise for rådgjevande utval. Vi går noko over budsjett i 2018.

Forvaltar legg fram budsjett på kr 326 000,- til styrets drift i 2019, ei sum som også inkluderer utgifter til reise og godtgjersle for styret til nasjonalparkstyrekonferanse i Trondheim. Miljødirektoratet har signalisert at denne konferansen blir gjennomført om lag kvart anna år, og det vart ikkje arrangert ein slik konferanse for styra i fjor. I 2017 brukte nasjonalparkstyret om lag 260 000,- til drift.

Forvaltar har også framlegg om kr 200 000,- til arbeid med forvaltningsplan og besøksstrategi (kartarbeid, kartleggingar, kunnskapsinnhenting, prosesser for medverknad, ev trykking).

Budsjett 2019 for Jostedalsbreen nasjonalparkstyret		
	Budsjett 2019	Merknader
D	Driftsutgifter for styre og utval	
	Møtegodtgjersle styret	176 000 sjå eige oppsett
	Reiseutgift styret, inkl. nasjonalparkstyrekonferanse	60 000 sjå eige oppsett
	Møteutgift styret og møte/reise for rådgjevande utval	90 000 sjå eige oppsett
	SUM D	326 000
E	Utgifter til forvaltningsplan og besøksstrategi, forvaltarkontor Gaupne	
	Utarbeiding av forvaltningsplan	100 000 Kjøp av tenester
	Oppfølging/utarbeiding av besøksstrategi	100 000 Kjøp av tenester
	SUM E	200 000
	Estimerte kostnader 2019	526 000





Estimering av utgifter i 2019 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre											
Møtedato											
Møtedato	Type	Tal timar	Tal deltakarar	Timebruk leiar	Kostnad leiar (kr)	Timebruk øvrige (t)	Kostnad øvrige (kr)	SUM møte	kommentar		
Feb/mars	Syremøte	6	8	6 *	3 570	42	18 900	22 470	Bestillingsmøte 2		
April/mai	Syremøte, ev m synfaring	10	8	10 *	5 950	70	31 500	37 450			
Juni	Syremøte - telefon	3	8	3 *	1 785	21	9 450	11 235			
August/september	Syremøte med synfaring	10	8	10 *	5 950	70	31 500	37 450			
Oktober	Nasjonalparkkonferanse	10	8	10 *	5 950	70	31 500	37 450			
November/desember	Syremøte med rådgjevande utv	8	8	8 *	4 760	56	25 200	29 960	Bestillingsmøte 1		
SUM kostnader møte									176 015		
Kjøre-/reiseogtdjølrelse											
Estimering av utgifter til reise-/kjøreogtdjølrelse, føresetnadar:											
1. Regner med et gj.snitt på kr. 1000 pr. person for Jostedalsbreen											
2. Reknar med 8 styremedlemmer pr. ordinære møte (5 møte = kr 42 000,-)											
3. Reise til nasjonalparkkonferansen											
SUM:									60 000		
Leie av lokaler, overnatting, FRU, samt servering under styremøtene:											
Fire fysiske møte utanom nasjonalparkkonferansen (møterom, varm lunsj, kaffe/te med meir)											
Reiseutgifter og møtekostnader Fagleg rådgjevande utval											
Eitt eller to kombinerte styremøte med synfaring inkl. overnatting, lunsj ei middag											
SUM:									90 000		
Totale utgifter i samband med møter i Jostedalsbreen nasjonalpark 2019 (estimerede utgifter med ein viss grad av skjønn)									326 015		

Møteogtdjølrelse
Sats leiar (kr/t)
Sats øvrige (kr/t)

Timeforbruk

* = inkl. 1,5 timar til førebuing

ST 43/18 Eventuelt